



Bjerkreim kommune

Postboks 17

4389 Vikeså

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,

4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Risa AS - Søknad om løyve til mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt på gnr. 58, bnr. 2 på Moi, Bjerkreim kommune. Fylkesmannen ber om uttale frå kommunen, og ber kommunen leggje søknaden ut til offentleg ettersyn.

Fylkesmannen ber om opplysingar om særskilde lokale forhold, naboar m.v. som det bør takast omsyn til ved behandling av søknaden. Vi ber om at kommunen sin uttale vert send oss innan 8 veker. Vi ber om at eit eksemplar av saksdokumenta og kunngjeringa vert lagde ut til offentleg ettersyn i kommunen.

Med heimel i forureiningslova §§ 11 og 16 har Risa AS søkt Fylkesmannen i Rogaland om utsleppsløyve for mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt ved verksemda sitt steinbrot på Moi i Bjerkreim kommune. Søknaden er datert 7.7.2013.

I samsvar med kapittel 36 forureiningsforskrifta følgjer ei kort omtale av utsleppssøknaden:

Type verksemd:	Mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt.
Lokalisering:	Gnr. 58, bnr. 2.
Produksjon:	Gjenvinning av totalt inntil 50 000 tonn betong (inkl. tegl) og 75 000 tonn asfalt per år.
Forureining/belastning:	Utslepp av støy og mineralsk støv.
Reinsetiltak:	Sedimenteringsbasseng, støyvollar og vatning mot støvflukt
Resipient:	Oslandsvatnet.

Fylkesmannen sine merknader

Eldre betongmassar og teglstein frå bygningar og andre konstruksjonar kan innehalde miljøgifter som PCB og tungmetall. Verksemdar som ønskjer å ta imot bygningsbetong for mellomlagring og gjenvinning må derfor søkje om løyve frå Fylkesmannen etter forureiningslova § 11.

Dei einskilde pukkverka/masseuttaka til Risa AS (org.nr. 980404129) inngår i underavdelinga Risa AS avd Pukkavdeling (bedr.nr. 975033880). Pukkverket på lokaliteten har ikkje eige utsleppsløyve, og er dermed regulert av sjølvberande vilkår fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 30.

Risa AS har samstundes søkt om tilsvarende løyve sitt knuseverk samlokalisert med Jærbetong AS i Hå kommune, gnr. 30 bnr. 10. Eit eventuelt løyve til knusing og gjenvinning av betong vil verte gitt til kvart av anlegga, sjølv om dei tilhøyrrer same ansvarlege eining (bedriftsnummer).

Offentleg kunngjering

Fylkesmannen vil i medhald av forureiningsforskrifta § 36-6 sørge for at søknaden vert kunngjort i Jærbladet og Stavanger Aftenblad. Utgiftene i samband med kunngjeringa vert dekt av søkjar. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

Utlekking til offentlig ettersyn

Vi ber om at søknaden vert lagt ut til offentlig ettersyn i kommunehuset på Vikeså, Coop-butikken i Bjerkreim, samt på kommunen sin nettstad. Søknaden vil også verte lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad www.fylkesmannen.no/rogaland under ”Snarvegar” og ”Høyringar”.

Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale merknader er sett til 8 veker frå kunngjeringsdato. Dersom kommunen har behov for utvida frist, ber vi om tilbakemelding på når saka vil verte teken opp til behandling.

Kommunen sin uttale bør gi opplysningar om eventuelle lokale forhold som er mangelfullt eller ikkje tilstrekkeleg gjord greie for i søknaden, og om lokale/regionale forhold som kan verke inn på avgjerda om utsleppsløyve, inkludert vurderingar i forhold til naturmangfaldlova og vassforskrifta. Vi ber også kommunen vurdere om tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Utskrift frå den kommunale sluttbehandlinga skal sendast Fylkesmannen.

Med helsing

Einar Haualand
fung. seksjonsleiar

Johan Tore Rødland
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Johan Tore Rødland
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 38
E-post: fmrojtr@fylkesmannen.no

Vedlegg (3 eksemplar):

1. Risa AS – Søknad om knusing og mellomlagring av betong, tegl og asfaltmassar
2. Kunngjeringstekst

Kopi utan vedlegg til:

Risa AS Postboks 14 4367 Nærbø